



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



**LINDEREMEN**

**ØRSTA KOMMUNE**

Høyringsfrist 10.05.2022

2020/6649

*Framside: Lind (illustrasjonsfoto: Egil Michaelsen)*

## Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyrast og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## Tilbodet

Statsforvaltaren fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr/bnr 116/1 og 117/1 på Trandal i Ørsta kommune. Det omfattar eit areal på ca. 1371 dekar. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 22.12.2020.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på fleire kartleggingar av edellauvskog som Naturvernrådet si landsplan for edellauvskogreservat i Noreg (Korsmo 1975) og Statsforvaltaren si kartlegging av varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden i 1987 (Folkestad og Bugge 1988). Siste kartlegging er Jordal si kartlegging av naturtypar i Ørsta «Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2006.»

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 10.01.2022.

## Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget. Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.»*

### **Naturfaglege registreringar**

I naturbase er det registrert ein lokalitet med rik edellauvskog BN00029801 av kategori A (svært viktig) som vert omtala slik:

«Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lisode ned mot Hjørundfjorden mellom Trandal og Leknes. Lokaliteten er særleg interessant fordi han er ein av dei få i fylket med naturleg lindeskog, og dermed ein av dei nordlegaste lindeskogane i verda. Lindebestanden ligg mellom to skredfar og er ca 2 dekar ifølgje Korsmo (LQ 714 033, ED50, 30-80 m o.h.), og avgrensa av rasmark og bjørkeskog. Trea er opptil 300 liter og opptil 10-12 meter høge. Linderemmen er kjent med herbariebelegg heilt frå 1882 (Oslo).

I denne lia som heilskap er osp, bjørk og hassel dominerande treslag. Det er eit konstant innslag av alm i heile lia, og i øvre delen finst eit større "reinbestand". Sjølve lindelokaliteten består av raspåverka lindeskog med innslag av hassel, alm, osp og bjørk. Området rundt har rasmarker og bjørkeskog.

Det vart m.a. funne myske, lundgrønaks, vivendel, svartburkne, liljekonvall, breiflangre, fagerperikum, kranskonvall, brunrot, fingerstorr, myskegras, storfrytle og krattlodnegras (Korsmo 1975). I 2005 vart det m.a. funne jordnøtt, krossved, lundgrønaks, myske, sanikel, skogfaks (LQ 7145 0292), storklokke og vivendel. Elles vart den raudlista prydhetta (R/-) funne på hassel (LQ 7134 0284). Ein større førekomst av sølvnever på daud selje vart også funne same stad. Raudlistearten gråspett (DC/NT) finst i ospeområda (LQ 710 035, 1998, kjelde: Oddvar Olsen).»

Kunnskapsgrunnlaget viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Særleg interessant er den samanhengande lindeskog, men også den raudlista almen er viktig. Mangelanalysar av skogvernet gjort av Norsk institutt for naturforskning i 2016 viser at slik edellauvskog er sjeldan i verneområda..

### **Skogbruk**

Slike lågareliggande skogar har tradisjonelt vorte utnytta til vedhogst og beite.

Fakta ut frå skograpport Kilden:

Totalareal: ca. 1370 daa.

Produktivt skogareal(AR5): ca 79 daa

Skog, høg bonitet	Uproduktiv skog	Skrinn fastmark
79	526	765

Det er ikkje utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringer i området.  
Svært viktig naturtype : 379 daa – Rik edellauvskog

Området er eit svært bratt og lite tilgjengeleg areal på austsida av Hjørundfjorden. Det er ikkje vegtilkomst. Det er lite skogvolum og lite produktivt skogareal i høve til totalarealet som er innmeldt.

Vi vurderer at eit eventuelt vern har ingen betydning for skogbruket.

### **Andre brukarinteresser**

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Det er kartlagt 2 digitalt potensiale for vasskraftutbygging i området, eitt i Elsanddalen på 2,9 GWh og eitt i Maradalen på 6,1 GWh.

### **Saksbehandling**

#### Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for etablering av naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 10.01.2022. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 11.02.2022.

Det har kome 8 innspel til oppstartsmeldinga. Direktoratet for mineralforvaltning, Statnett og Mørenett har ingen merknader. Riksantikvaren behandlar ikkje slike saker, og viser til fylkeskommunen.

Statens Kartverk viser til at Linderemen er godkjent skrivemåte for området. Språkrådet støttar dette.

Norges vassdrags- og energidirektorat viser til at det er kartlagt to digitale kraftutbyggingspotensiale på 2,9 GWh og 6,06 GWh i området, og ber om at grunneigarane blir orientert om dette. Prosjekta er vurdert som lønsame.

Ørsta kommune er positive til skogvern. Dei viser til at sti (rås) langs Hjørundfjorden er eit prioritert tiltak i vedtatt reiselivssatsing i kommunen, og at det må vere opning for å vedlikehalde råsa ved å ta ned tre og andre hindringar.

Statsforvaltaren viser til at forskrifta har heimel for å kunne gje løyve til merking og tilrettelegging av nye stiar. Vi er kjent med at det er oppført ei ny hytte og rydda stiar i dette området, og at denne saka er under behandling.

### Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegget på høyring.

Skogen er taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit framlegg om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2022.

Vedlegg 1.

## **Forskrift om vern av Linderemen naturreservat, Ørsta kommune, Møre og Romsdal**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .....med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til rik edellauvskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar som lind.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Ørsta kommune: 116/1 og 117/1. Naturreservatet dekker eit totalareal på 1371 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Molde kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmmande.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. bålbrekking er forbode

### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn

- e. beiting
- f. utsetting av saltsteinar
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jaktårn for storviltjakt
- h. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i. bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet

### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

### **§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyning skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta
- d. landing og start med Forsvarets luftfartøy

### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta
- j. øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd
- k. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g og h



### **§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 10 Forvaltningsplan**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11 Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.